

Flott innsats i Bergen City Marathon.

29.04.2017



Imponerande innsats av Team Ulvanåso i dag.

**Fleire uskedelingar gjorde ein strålende innsats under arrangementet Bergen City Marathon i dag. Under den store folkefesten kunne ein delta på ulike distansar. Ronhill marathon og BMW halvmarathon var berre to av dei. Deltakarane kunne også velja Sparbanken Vest stafett(halvmaraton), Thon Run 5km eller Vestkanten barneløp på 2.km.**

Karin Tungesvik gjekk heilt til topps i klassen K55-59 i løpet over 5 km. Med tida 29.05 var rakast av dei 19 deltakarane i denne klassen. I denne klassen var dei 3 første om lag 1 minut føre dama på 4.plass. Flott levert av Karin!

Ti andre spreke damer deltok i stafett der distansen til saman var halvmaraton. Laget som kalla seg Team Ulvanåso, kom på ein sterkt 5.plass blant 42 lag i dameklassen. Tida vart 1.34.24. På laget sprang Kari Bråtun, Cathrine Haugland, Mariann Hellingrud, Solveig Haugland, Hildegunn Furdal, Sara Guddal, Veslemøy Haugland, Åshild Røssland, Ingebjørg Haugland og Magnhild Varanes. Etappelengdene varierte mellom 1025m og 3237m, og totaldistansen tilsvarte altså havmaraton på 21097m.

Saman med over 10.000 andre løparar i denne løpsfesten, var det heilt sikker ei storveis oppleveling for desse løparane. Det vart truleg også andre løparar frå Uskedalen utan at vi har klart å søkja dei opp. Dersom det var det, er det kjekt om dei kontaktar oss, gjerne med bilde frå løpsfesten.

Komplette resultat finn de [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat